

# Eg er eg er eg er

Av Ruth Lillegraven.



## Før

Diskuter med klassen:

*Eg er eg er eg er* er ei diktsamling.

- Kva slags forventingar har de til dikt?
- Ser eller høyrst dikt ut på ein særskild måte?
- Kva vil de seie at dikt handlar om?
- Er det noko anna enn til dømes romanar?

Sjå på framsida.

- Kva legg de merke til?
- Kva slags kjensle vil de seie at biletet uttrykker?
- Kva tenker de om tittelen?
- Kvifor trur de at «eg er» blir gjenteke tre gonger?
- Kva slags samanheng ser de mellom biletet og tittelen?


Ta utgangspunkt i desse tre dikta: «Vårvill», «Hjartet mitt» og «Vaksne».

## Undervegs

Be elevane om å lese kvart av dei tre dikta tre gonger. Be dei dessutan om å gjere følgande, i forbindelse med kvar gjennomlesing:

- legge merke til kva dei legg merke til medan dei les
- vurdere kor godt dei sjølv synest at dei forstår diktet på ein skala frå 1 til 10

Når kvart dikt er lese tre gonger, skal dei dessutan notere utviklinga i forståing av kvart dikt. Be dei òg skrive ned dei spørsmåla dei har til kvart av dei tre dikta.



Olav H. Hauge-senteret



Nynorsk kultursentrum



NYNORSKSENTERET  
NASJONALT SENTER FOR NYNORSK I OPPLÆRINGA



## Etter

### Klassesamtale

For kvart av dei tre dikta tek de utgangspunkt i leseopplevinga til elevane og snakkar om diktet. De kan til dømes bruke desse spørsmåla som utgangspunkt:

- Kva la de merke til?
- Kva synest de var lett å forstå og kva var meir vanskeleg?
- Var det noko som overraska dykk?
- Kva slags spørsmål har de til diktet?

I tillegg kan desse spørsmåla inngå i samtalen:

#### «Vårvill»

- Kva tenker de om tittelen på diktet, «Vårvill»?
- Korleis vil de beskrive kva diktet handlar om?
- Kven er hovudkarakteren i diktet?
- Kva slags inntrykk får de av eg-et i diktet?
- Kvifor trur de han blir beskriven som «vesle»?
- Kvifor trur de han seier at han er «ekte og vanleg»?
- Kva slags forventingar har de til våren?
- Kva lovar den vesle våren i diktet?
- Korleis forstår de uttrykket «gull og grønne skogar»?
- Kvifor trur de at fleire uttrykk i diktet blir gjentekne?
- Kvifor trur de at «eg er» blir gjenteke tre gonger?
- Og kvifor trur de at det står «berre vent» to gonger på slutten av diktet?
- Korleis forstår de slutten på «Vårvill»?

#### «Hjartet mitt»

- Kva tenker de når de høyrer tittelen på dette diktet?
- Kven sitt hjarte trur de det er snakk om?
- Kva tenker de når de les den første linja, «berre vent»?
- Når på året trur de diktet finn stad?
- Korleis vil de beskrive hjartet?
- Kvifor trur de hjartet «syng»?
- Kva slags stemning trur de hjartet er i?

#### «Vaksne»

- Kva slags inntrykk får de av foreldra i diktet?
- Kva slags inntrykk får de av eg-et i diktet?
- Tenker de at eg-et i diktet er det same som i dei to førre dikta? Kvifor/kvifor ikkje?
- Er de einige i det som står på slutten – at vaksne berre er store barn som får bestemme sjølve? Grunngi svaret.
- Hadde de gjort som dei vaksne i diktet om de hadde fått bestemme sjølve? Fortel.



Til slutt kan elevane ta stilling til kva dei meiner om dikta:

- Liker de dikta? Kvifor/kvifor ikkje?

### **Fleire kjelder**

Omtale av Ruth Lillegraven i Allkunne:

<https://www.allkunne.no/framside/biografier/1/ruth-lillegraven/95/83548/>

Bokomtale av *Eg er eg er eg er*:

<https://www.nynorsk bok.no/2016/08/23/ruth-lillegraven-eg-er-eg-er-eg-er/>

Bakom boka, Ruth Lillegraven i samtale med Heidi Fagna:

<https://www.nynorsk bok.no/bakom-boka/ruth-lillegraven/>

